



## Notat

Dato

LEIKANGER, 03.04.2019

**Til:** Fylkesutvalet, møte 8. april 2019

**Frå:** Fylkesrådmannen

### **FU-sak 23/19; Etablering av Campus Førde verftet AS - endra tilråding**

Fylkesrådmannen viser til FU-sak 23/19, Etablering av Campus Førde verftet AS.

Pkt. 2 b) i fylkesrådmannen si tilråding til vedtak lyder slik:

*«Fylkestinget løyver 15 mill. kr til Campus Førde verftet AS som tilskot til investeringar i selskapet. Løyvinga vert finansiert med bruk av disposisjonsfond. Løyvinga vert utbetalt etter at samarbeidsavtalen er signert og selskapet etablert.»*

I saksutgreiinga heiter det at løyvinga er naudsynt for at selskapet skal kome i gang som føresett. Av pkt. 5 i vedlegget til samarbeidsavtalen, dvs. samarbeidsdokumentet, framgår det at Campus Førde verftet AS vil prioritere å investere i ulike laboratorium.

Fylkesrådmannen har no fått vurdert om det moglege tilskotet frå fylkeskommunen vert ramma av forbodet mot offentleg støtte (statsstøtte) i EØS-avtalen artikkel 61.

EU-kommisjonen har utarbeidd ei liste, kalla det alminnelege gruppeunntaket (GBER), over støtteordningar som har liten påverknad på samhandelen og konkurransen i EØS-området og som difor ikkje kjem i konflikt med forbodet mot offentleg støtte. GBER gir heimel til å tildele støtte direkte til støttemottakar, utan å notifisere støtta til ESA (EFTA sitt overvakingsorgan) på førehand.

Artikkel 26 i det alminnelege gruppeunntaket gir på nærmare fastsette vilkår heimel til å gi offentleg støtte til «forskningsinfrastruktur». Fylkesrådmannen legg til grunn at slike laboratorium som fylkeskommunen kan kome til å gje tilskot til i den føreliggjande saka, er å rekne som forskningsinfrastruktur.

Dersom fylkeskommunen skal kunne tildele støtte i medhald av det alminnelege gruppeunntaket, må støttemottakar, som i dette tilfellet vert Campus Førde verftet AS, søkje fylkeskommunen om støtte før fylkeskommunen eventuelt gjer vedtak om å tildele støtte.

På bakgrunn av dette må pkt. 2 b) utgå frå fylkesrådmannen si tilråding til vedtak. Eg gjer i staden framlegg om eit nytt pkt. 4 om at fylkestinget legg til grunn at Campus Førde verftet AS, så snart selskapet er etablert, søker fylkeskommunen om investeringsstøtte på 15 mill. kr. Det opphavlege pkt. 4 vert nytt pkt. 3.

I eit nytt pkt. 5 gjer eg framlegg om at fylkestinget løyver 15 mill. kr til teneste «Fylkesutvalet til disposisjon» og at fylkesutvalet – etter søknad frå Campus Førde verftet AS - får fullmakt til å løyve inntil dette beløpet i støtte til selskapet.

**Fylkesrådmannen rår etter dette fylkesutvalet til å gje slik tilråding til fylkestinget:**

1. Fylkestinget godkjenner vedlagde samarbeidsavtale mellom Høgskulen på Vestlandet og Sogn og Fjordane fylkeskommune om etablering og utvikling av Campus Førde verftet AS (CFv AS), mellom anna som eit ledd i å styrke utviklinga av Fagskulen i Sogn og Fjordane.  
Fylkesrådmannen får fullmakt til å undertekne avtalen under føresetnad av at avtalen vert godkjend av styret for Høgskulen på Vestlandet.
2. Fylkestinget løyver 0,045 mill. kr til kjøp av 450 aksjar á kr 100 i Energilab Sogn og Fjordane AS, med sikte på å omstrukturere selskapet til Campus Førde verftet AS. Løyvinga vert finansiert ved bruk av kapitalfondet.
3. Fylkesutvalet får fullmakt til å godkjenne vedtekten for selskapet, velje eigarrepresentant, og nominere eventuelle styremedlemer
4. Fylkestinget legg til grunn at Campus Førde verftet AS, så snart selskapet er etablert, søkjer fylkeskommunen om investeringsstøtte på 15 mill. kr. Søknaden må oppfylle krava i det alminnelege gruppeunntaket (GBER).
5. Fylkestinget løyver 15 mill. kr til Teneste 4005 Fylkesutvalet til disposisjon. Løyvinga vert finansiert frå disposisjonsfond. Fylkesutvalet får fullmakt til å løyve inntil 15 mill. kr i støtte til Campus Førde verftet AS basert på ein eventuell søknad frå selskapet.